



Vakkert bilete av Nåso, men kontakten vår ønskjer det frå ein annan vinkel.

Det er ikkje tvil om at det inntrykket som festar seg hos besøkjande etter å ha vitja Uskedalen, er naturen, og særleg då fjella med Ulvanåso som dronninga blant dei. Monica Musland-Massey har ein firmenning i USA som ønskjer ein tatovering med Ulvanåso og fjella i Uskedalen, men treng då eit bilete av dette motivet.

Monica seier at firmenningen ønskjer motivet skal vera Ulvanåso eller fjella i Uskedalen helst teke frå Muslandsgarden, som Tore Musland no driv. Ho håpar nokon kan hjelpe henne med det. Dei kan senda bilde direkte til Monica, email monicamusland@hotmail.com, eller til thordossland@gmail.com og merka det 'tattoUSA' så vert det vidare sendt.

Vi håpar på god respons frå hjelpsomme uskedelingar, slik at firmenningen til Monica får ønsket oppfylt. Dermed får vi ei levande og vandrande marknadsføring av den vakre naturen vår i USA.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Arkivfoto: Ola Matti Mathisen